

**NYHEIT!**

**Meir enn ALT**



Lærebok i kristen  
tru og liv for  
konfirmantar og nye  
kristne.

©Kristkyrkja på Stord

# Konfirmasjon med mål og meining!

Du er ung! Alle er ute etter deg, og mange vil forma livet ditt, meiningsane dine og trua di.

I våre dagar er det viktigare enn nokon gong at du er kritisk til det du høyrer og ser, og at du skaffar deg eit solid fundament å byggja livet ditt på.

Me er sikker på at du som konfirmant i Kristkyrkja vil få akkurat det.

I Bibelen står det at denne grunnvollen heiter Jesus Kristus. Han seier om seg sjølv: «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg!»

Ingen har nokon gong snakka slik om seg sjølv, og anten så var han det han sa han var, elles var han sprøyte gal.

Ingenting tyder på det siste. Tvert om verka han å vera det mest normale menneske som har levd på jorda.

Og så er det ein ting til: Han er den einaste som har stått opp frå dei døde for aldri meir å returnera til ei grav. Det gjer det meiningsfullt å tru på han.

Kva er det evige livet? Det er å kjenna Jesus personleg. Ikkje noko mindre, og kjenner du HAN, har du nok å leva på og plenty å døy på.

Som konfirmant i Kristkyrkja vil du bli godt kjent med Jesus og Bibelen, og du vil få erfara kor fantastisk det er å vera hans disippel, eller læresvein som me seier her i nynorskland.

Me har i år laga eit heilt nytt undervisningsopplegg for konfirmantar. Me har kalla det «Meir ann ALT». Det handlar m.a. om at Gud er ein Gud som kan gje oss så uendeleg mykje meir enn ALT me har forstand til å be om.

Hans godleik er uovertruffen.

Dette skal bli eit kjekt år for deg. Me skal reisa på helgeturar saman, og du skal få vera med på GODHET 2021, der me tilbyr folk hjelp med praktiske ting utan at dei treng å betala noko for det.

Slik er knallgøy.

Dersom du ønskjer å vita meir, kan du ta kontakt med pastor Jens Thoresen på tlf. 47415864.

Du kan melda deg på med å senda ein SMS til dette nummeret, eller du kan senda ein mail til:

[pastor@kristkyrkja.no](mailto:pastor@kristkyrkja.no)

